

Sesongslutt for dei yngste

16.03.2011



**No er sesongen avslutta for dei yngste skiløparane,
men for dei eldste og ivrigaste er det nokre renn att.**

Avslutninga var på tysdagkvelden og det eine biletet er frå denne medan
det andre er frå yngste klassen i stafettmeisterskapen
i Tveitedalen der Uskedal hadde 5 lag med.

Dette er ein fin gjeng og det har vore ein vellukka sesong, konkluderar Sara og Erlend.
Under avslutninga på skuleplassen var det servering av pølser og kaker og det
var også leik og moro, mellom anna ein intern fotbalkamp.

Treningsa for dei yngste startar att til hausten og då håpar ein å få mange med.
Skisporten er i klar vekst i bygda, gledeleg nok har 24 ungar vore med i haust
og vinter. Til stafettmeisterskapen var 12 lag meldt på og Uskedal har prega
karusellrenna i vinter.

(Foto: Sara Hjelmeland Arnesen).

